

NotatDato: 14.11.2018
Arkivsak: 2018/16576-1
Saksbehandlar: oydzien

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordførar**Svar på interpellasjon i fylkestinget 2.-3. okt. - tillegg**

Fylkesordføraren viser til interpellasjon frå Alexander Fosse Andersen i fylkestinget 2.-3. okt. 2018 og utdrag av svaret frå fylkesordførar:

«Spørsmål 1 og 4: «Kva rutinar har ein i fylkeskommunen for å registrere målform og byte av målform i den vidaregåande skulen? Og i forlenging av dette: Kor mange nynorskelevar er det i den vidaregåande skulen i Hordaland inneverande skuleår?»

Svar: Elevar i vidaregåande skule har rett til å velje målform sjølv. Skulane skal innan medio oktober registrere elevane si målform i det skuleadministrative systemet. Fylkeskommunen registrerer ikkje opplysingar om elevane gjer målbyte mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule. For å få mest mogleg korrekte tal vil fylkesordføraren kome attende til fylkestinget i desember med tal på kor mange elevar det er som har registrert nynorsk som målform på teljetidspunktet inneverande skuleår.»

Tillegg frå fylkesordføraren:

Skulane i Hordaland har registrert målform på ordinære elevar, dei som går Vg1 til og med Vg4 per 09.oktober 2018.

Målform per 09. oktober 2018 for Vg1, Vg2, Vg3 og Vg4

Hordaland - elevar	Bokmål - elevar	Nynorsk - elevar
16706	12473	4233

Målform blir registrert av skulane på hausten før data skal overførast til statistikk. Målform kan bli endra undervegs i utdanningsløpet, og før eleven skal ta eksamen, for å få det hovudmålet og sidemålet eleven ynskjer på eksamen.